



Helge Henanger
Øvre Sagstad 110
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4972 - 22/97458

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2022

Avvist søknad om frådelling - gbnr 318/1 Sagstad øvre

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om frådelling avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad mottaken 27.05.2021.
Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Området er uregulert sett av til bustadbygging i kommunedelplan for Meland. I følge punkt 1.2.1 i føresegnene til planen er det krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til frådelling. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå dette kravet før saka kan handsamast. Søknad om dispensasjon skal vera grunngjeven. Meir informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen sine heimesider: [Alver kommune - Dispensasjon](#).

Kommunen sendte ut brev den 15.06.2021 der dette vart etterspurt, med frist for innsending den 25.07.2021. Då vi ikkje har motteke tilleggskommunikasjon vurderer vi at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4972

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Camilla Henanger
Helge Henanger

Øvre Sagstad 110
Øvre Sagstad 110

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG